



Arkivnr: 2014/2-76
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		24.03.2015

Oppretting av eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole

Samandrag

Gjennom kompensasjonsmidlar og Hordaland fylkeskommune er det til saman løyvd kroner 4,2 millionar til eit fjerde kull på Stord. Etter nærare berekningar, og på bakgrunn av Bergen tekniske fagskole si erfaring med å driva desentralisert utdanning, ser ein at det er naudsynt med ein ytterlegare auke i finansieringa av tilbodet. Dei totale kostnadene for eit fagskuletilbod over to år på Stord vil kome på kroner 4,6 millionar. På bakgrunn av dette vert det føreslått at verksemdene som har studentar ved kullet, bidreg med kroner 400 000 eller at det vert innført studentbetaling ved dette tilbodet.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek å opprette eit fjerde kull med minimum 20 studentar på Stord under Bergen tekniske fagskole. Det er ein føresetnad at tilbodet vert finansiert med 4,6 millionar kroner utanfor ramma for Fagskolane i Hordaland.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Søknad om oppretting av eit fjerde kull under Stord-modellen

Fylkesrådmannen, 04.03.2015

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har søkt om midlar til eit fjerde kull på Stord med delfinansiering mellom Hordaland fylkeskommune og Sunnhordlandskommunar med kompensasjonsmidlar (sjå vedlegg). Med 1,3 millionar i kompensasjonsmidlar søkte Samarbeidsrådet om 2,7 millionar frå fylkeskommunen. Av di det ikkje har vore gjort ei prisjustering etter dei tidlegare fagskulekulla har Hordaland fylkeskommune løyvd 2,9 millionar til oppretting av eit fjerde kull på Stord.

Følgjande vedtak vart fatta i fylkesutvalet:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014 - Vedtak:

Fylkesutvalet løyver kr. 2,9 millionar til å starta opp eit fjerde kull etter Stord-modellen utanfor ramma for Fagskolane i Hordaland. Det er ikkje dekning for denne løyvinga i budsjett 2015. Hordaland fagskulestyre tek endeleg avgjerd om tilbodet skal verte starta opp.

Til saman er det såleis løyvd 4,2 millionar til eit fjerde kull på Stord. Etter nærare berekningar, og på bakgrunn av Bergen tekniske fagskole si erfaring med å driva desentralisert utdanning, ser ein at det er naudsynt med ein ytterlegare auke i finansieringa av tilbodet. Dei totale kostnadene for eit fagskuletilbod over to år på Stord vil kome på 4,6 millionar.

Tidlegare har Bergen tekniske fagskole kunna finansiert ein skilde studiestader innanfor den totale ramma ved skulen. Av di det har vorte oppretta fleire studiestader under skulen no enn før er det ikkje mogleg å dekkja ekstra kostnadar ved desentralisert utdanning innanfor skulen si eiga ramme.

Sekretariatet for Hordaland fagskulestyre vil på bakgrunn av dette tilrå at det vert gjeve løyve til å starte opp eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole dersom ein får fullfinansiering på 4,6 millionar.

For å løysa finansieringa bør ein anten sjå på moglegheita for at verksemdene som skal ha vidareutdanning bidreg med til saman kroner 400 000 , eller at det vert innført studentfinansiering for dette kullet. Studentfinansiering vil kome på om lag kroner 15 - 20 000 per student fordelt på to år. Dersom ein vel studentfinansiering må det vere minimum 25 studentar i kullet ved start. Dersom verksemdene bidreg med finansiering bør det uansett vere ei nedre grense for når ein startar opp eit tilbod i høve til studenttal. Det er ikkje anbefalt å starta opp eit kull med mindre enn 20 studentar.